



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Dispensasjon - Alver 125/32 - Kjeilen Indre - utviding av hytte

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 06.07.23. Saka gjeld søknad om tilbygg på 19.25 m<sup>2</sup>, med altan, og fasadeendring. Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremål LNF.

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan som kjent berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Tiltaket er eit tilbygg til ein eksisterande fritidsbustad på fråskilt eigedom på litt under 1 daa, midt i eit landbruksområde. Etter det vi kan sjå vil tiltaket omdisponere overflatedyrka mark. Det er eit nasjonalt mål å omdisponere så lite dyrka mark som mogleg, og i ny jordvernstrategi for 2023 er det mål om å ikkje omdisponere meir enn 2000 daa på landsbasis. I nye [Nasjonale forventningar](#) står det mellom anna at:

*«Av omsyn til beredskap og moglegheitene for matproduksjon, er det nødvendig å ta vare på jordressursane over heile landet og sikre at jorda blir halden i drift. Bevaring av dyrka jord er derfor ei nasjonal interesse. Omdisponering av dyrka jord skal reduserast, og arealplanlegginga skal bidra til å nå målet om redusert omdisponering av matjord i samsvar med ny jordvernstrategi frå 2023.»*

Statsforvaltaren meiner omdisponering av dyrka mark for fritidsbusetnad er uheldig, sjølv om det er snakk om eit lite areal. Kommunen må vurdere dette i handsaminga av dispensasjonen.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Arve Meidell  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN